



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

adresseliste

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **12 FEB 2009**
Vår ref.: NVE 200707941-6 ki/elha
Arkiv: 312/089.12Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ellen Lian Halten
22 95 91 93

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Hopland Kraft AS – Søknad om løyve til å bygge Hopland kraftverk, Stryn kommune i Sogn og Fjordane – Høyring

Vi har motteke ein søknad frå Hopland Kraft AS om løyve til å bygge Hopland kraftverk i Stryn kommune.

Kraftverket er planlagd i Hoplandselva og søkjar ønskjer å nytte vassfallet i Randaelva og Hoplandselva. Fallhøgda vil vere 343 meter. Inntaka vil vere på kote 345 og kraftstasjonen er planlagt plassert på kote 2. Vatnet vil bli føyrt ned til kraftstasjonen gjennom nedgrave røyr og samankoplingspunktet mellom røyrgateane frå inntaka vert på kote 275. Kraftstasjonen vil få ein installasjon på 5,5 MW som vil gje ein produksjon på om lag 19,4 GWh. Det må byggast ein cirka 300 meter lang veg til inntaket i Hoplandselva og ein 30 meter lang veg til kraftstasjonen. Begge vegane skal vere permanente. Det finnst allereie veg fram til planlagd inntak i Randaelva. Kraftverket vert knytt til det eksisterande nettet med ein 50 meter lang jordkabel.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova (vrl.) og gjeld løyve etter vrl. § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/smaakraft, og den vert kunngjort av NVE. Vis det er ynskjeleg med papirutgåva kan ein kontakte søkjars konsulent Ing Hermod Seim AS, på tlf: 57 86 61 28 eller e-post: herseim@online.no.


NVE ber Stryn kommune om å leggje ut til saman 4 eksemplar til offentleg gjennomsyn i kommunen, to på servicetorget i kommunehuset og to eksemplar på P.J. Hopland Landhandel fram til **17.4.2009**. Det eine eksemplaret av søknaden kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar) Søknaden vil og verte lagt ut på kommunens heimeside; www.stryn.kommune.no.


Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ynskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **17.4.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna, vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Ellen Lian Halten
avdelingsingeniør

Adresseliste for: Offentleg høyring av søknad om løyve til bygging av Hopland kraftverk.

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved Mediaedge: cia Norway ein gong i Fjordingen og Firda Tidende

Ant. søkn	Navn/adresse
5	Stryn kommune, Tonningsgata 4, 6783 Stryn
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkeshuset, 6863 LEIKANGER
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
	Forum for natur og friluftsliv SF, Postboks 365, 6902 FLORØ
	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Postboks 470, 6853 SOGNDAL
	Stryn og Hornindal Jakt og Fiske v/ Tor Åge Berglid, Bergset, 6795 BLAKSÆTER
	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 FØRDE
	Sogn og Fjordane Bondelag, Postboks 153, 6801 FØRDE
	Stryn Energi AS, Tinggata 3, 6783 Stryn
4	Internt (RV-ias, ER-shs, SVA-ssm, KD-omoe)

- KUNNGJERING -

Hopland Kraft AS – Søknad om løyve til Hopland kraftverk i Hoplandselva og Randaelva i Stryn kommune

NVE har motteke ein søknad frå Hopland Kraft AS om løyve til bygging av Hopland kraftverk i Stryn kommune.

Kraftverket vil ha ei yting på 5,5 MW og gje ein produksjon på cirka 19 GWh, noko som tilsvarar straumforbruket til om lag 950 husstandar. Hopland kraftverk vil utnytte eit fall i Hoplandselva og Randaelva på om lag 343 meter. Inntaka i dei to elvane vert på kote 345 og kraftstasjonen vert plassert på kote 2. Vatnet vert ført ned til kraftstasjonen gjennom røyr som skal gravast ned.

Samankoplingspunktet for røyra frå inntaket vert på kote 275. Det er planlagt å byggje ein 300 meter lang veg til inntaket i Hoplandselva og ein 30 meter lang veg til kraftstasjonen. I perioden 1.5-30.9 er det planlagt slipp av minstevassføring på 35 l/s frå inntaket i Hoplandselva og 65 l/s frå inntaket i Randaelva. Resten av året er det foreslått minstevassføring i Hoplandselva på 18 l/s og i Randaelva 32 l/s.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn hos P.J. Hopland Landhandel og på servicetorget i kommunehuset. Søknaden er også lagt ut på NVE sine nettsider www.nve.no/smaakraft fram til høyringsfristen går ut. Om du ynskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med søkjars konsulent Ing Hermod Seim AS på tlf. 57 86 61 28 eller e-post: herseim@online.no.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft så snart som mogeleg og seinast innan **17.4.2009**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til NVE, Konesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.



SAKSBEHANDLINGSRUTINER VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VANNRESSURSLOVEN § 8 DER NVE KAN GI TILLATELSE

Generelt

NVE har hjemmel til å gi tillatelse i saker som ikke gjelder kraftproduksjon og i saker som gjelder små kraftverk (installert effekt under 10 MW). Tillatelse til større kraftutbygginger gis av Kongen i statsråd.

Denne orienteringen gjelder saker der NVE kan gi tillatelse og retter seg mot høringsinstansene med den hensikt å gi det en samlet oversikt over hva som ønskes vektlagt i uttalelsene fra de offentlige forvaltningsmyndigheter.

Behandling av søknaden fram til endelig avgjørelse

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/smaakraft når saken blir sendt på høring.

NVE sender samtidig ut et høringsbrev til berørte kommuner, fylkesmenn (FM), fylkeskommuner (FK) og interesseorganisasjoner, ev. også til berørte statlige forvaltningsorgan. Saken blir kunngjort i en eller flere aviser i distriktet, og kommunen legger søknaden ut på ett eller flere offentlig kontorer hvor den kan studeres, eventuelt lånes. Vedlagte adresseliste viser hvilke høringsinstanser som mottar høringsbrevet.

Søker får anledning til å kommentere innkomne uttalelser før NVE foretar sin sluttbehandling. Som et ledd i denne inngår en sluttbefaring der de som har uttalt seg inviteres til å delta.

Ved helhetsvurderingen står NVE fritt til å vurdere om tillatelse skal gis og i hvilken utstrekning. Søknaden og innkomne uttalelser er viktige grunnlag for NVEs vurdering.

Dersom NVE gir tillatelse, kan det knyttes vilkår til denne, jf. vrl. § 26. Vilkårene kan omfatte bestemmelser om byggefrister, reguleringshøyder, vannslipping, godkjenning av planer mht miljø og sikkerhet, terskler, erosjon, naturforvaltning, fornminner og sanksjonsbestemmelser ved eventuelle brudd på vilkårene.

NVEs avgjørelse kan påklages til Olje- og energidepartementet innen 3 uker fra det tidspunkt underretning er kommet fram til parten.

Dersom det er søkt om tillatelse etter energiloven for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høyspent overføringsanlegg, vil NVE gi nødvendige konsesjoner samtidig med at vannressurslovsaken er endelig avgjort.

Hva forventes av høringsinstansene?

Hensikten med høringen er å få synspunkter på de foreliggende planene. Det er ønskelig med begrunnede synspunkter på om planene bør gjennomføres, ev. valg av alternativ eller begrensinger i planene. NVE ønsker også begrunnede forslag til avbøtende tiltak som kan redusere skadene ved gjennomføring av planene, samt forslag til ev. vilkår.

NVE forventer at kommunen spesielt omtaler forhold knyttet til kommuneplanen. I tillegg bør kommunen gi en oversiktlig framstilling av forholdet mellom den omsøkte plan og de lokale interessene.

FM bør i sin uttalelse vektlegge forhold omkring forurensning, landbruk og miljø (herunder biologisk mangfold). FK bør tilsvarende legge vekt på kulturminner.

Vi foretrekker at uttalelser sendes oss elektronisk via www.nve.no/smaakraft. I tillegg er det mulig å sende uttalelser per post, NVE, Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no.